

Saksframlegg

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 18/6463-1

Prosjektleder/fylkesrådmann orienterer om status for arbeidet med regionreforma

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektleder/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har, i samråd med leder i kontrollutvalet, bede nytildsett prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, om å møte i kontrollutvalet for å orientere om status for arbeidet med regionreforma.

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har halde to felles møte der ein har diskutert kva rolle kontrollutvala skal ha i samband med samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

I desse møta kom ein fram til at kontrollutvala må ha fokus på:

1. Val av revisor for fellesnemnda - Sak vedteke i fellesnemnda
2. Val av sekretariatsordning for ny fylkeskommune, skal handsamast i fellesnemnda 22.06.2018
3. Val av revisjonsordning for ny fylkeskommune, skal handsamast i begge kontrollutvala 04.06.18 og i fellesnemnda 22.06.2018
 - a. Eventuell sak om val av revisor kjem etter dette
4. Orientering om status for arbeidet med regionreforma med fokus på m.a.:
 - a. Kor langt er ein komen i arbeidet?
 - b. Korleis vert det sikra at det er tilstrekkelig fokus på internkontroll i planlegginga av ny fylkeskommune?
 - c. Korleis vert det sikra at det er tilstrekkelig fokus på internkontroll i noverande fylkeskommune
5. Rullering av plan for forvaltningsrevisjon
 - a. Prosessmøte i HFK 07.05.2018
 - b. Prosessmøte i SFJ 22.05.2018
 - c. Felles prosessmøte i video-konferanse mellom KUV i SFJ og HFK 04.06.2018

Vurderingar og konsekvensar

På bakgrunn av punkt 4 a. og b. over er det gjort avtale med nyttilsett prosjektleiar/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune, Rune Haugsdal, om at han vil delta via video i dette møtet for å orientere om status for arbeidet med regionreforma.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt under prosjektleiar/fylkesrådmann si orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at prosjektleiar/fylkesrådmann kjem i møte 20.11.2018 for å orientere om ny status i arbeidet med regionreforma.